



Oddvar Toft
Raknesvegen 789
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3368 - 17/12093

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2017

Avvist sak - søknad om arealoverføring - gbnr. 18/4 Toft

Administrativt vedtak. Saknr: 192/17

Tiltakshavar: Oddvar Toft
Ansvarleg søkjar: Oddvar Toft
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav m, jf. § 20-4 bokstav d

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom eigedom gbnr. 18/4 og eigedom gbnr. 18/23

Det vert elles vist til søknad motteken 20.10.16.

Planstatus

Arealet er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til LNF-førmål.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Det vart i vårt brev datert 28.11.2016 bedt om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Utfylt vedlagd søknadsblankett, signert av heimelshavar av gbnr. 18/4 og gbnr. 18/23.
2. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan. Søknad om dispensasjon skrivast i brevform og skal vere grunngjeven.
3. Gjenpart av nabovarsel, samt eventuelle nabmerkningar og dykkar uttale til merknadane.
4. Oppdatert kartutsnitt som er påført minsteavstand frå bustad på gbnr. 18/23 til ny eigedomsgrense mot gbnr. 18/4, minsteavstand kan ikkje vere mindre enn 4 meter jf. plan- og bygningslova § 29-4, eventuelt må det leggest ved skriftleg samtykke frå eigar av naboeigedom på at bygning kan plasserast nærare enn 4 meter. Sjå vedlagt kartutsnitt.
5. Storleik på arealet som vert overført frå gbnr. 18/4 til gbnr. 18/23.
6. Storleik på arealet som vert overført frå gbnr. 18/23 til gbnr. 18/4.
7. Opplysningar om kva areala som vert overført skal brukast til.

Det vart sett frist for supplering av søknaden til 09.01.17. Vi kan ikkje sjå å ha motteke etterspurd dokumentasjon

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om arealoverføring mellom gbnr. 18/4 og gbnr. 18/23 avvist. Søknaden vert avvist då saka er for mangelfult opplyst.

Avvisning vert heimla i følgjande:

1. Manglande opplysning om storleik på areal som vert overført frå gbnr. 18/4 til gbnr. 18/23 og frå gbnr.18/23 til gbnr. 18/4, jf. SAK10 § 5-4 bokstav d)
2. Manglande søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i gjeldande kommuneplan jf. SAK10 § 5-4 bokstav e) og k)
3. Manglande redegjering for nabovarsling jf. SAK10 § 5-4 bokstav n)
4. Mangelfull situasjonsplan jf. SAK10 § 5-4 bokstav m)

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3368

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rolf Toft

Stranda 311

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Oddvar Toft

Raknesvegen 789

5281

VALESTRANDSFOSSEN